

## Prøvefiskerapport – Tinnhølen 2020

### Omtale av vatnet:

- Tinnhølen er på 474 ha. Vatnet har ein fast regulert høgde med Tinnhøldammen.
- DN har pålagt Statkraft å kontrollere om fisketrappa i dammen fungerer etter intensjon. Konklusjonane frå spørsmålet om fisketrappa fungerer tilfredstillande og om det skal gjerast tiltak, er ikkje avslutta.

### Omtale av fisket og fisken:

- Det vart fiska ei natt med 3 stk. Jensen prøvegarnserier, tilsaman 24 garn.
- Samla fangst 124 aurer. Det var ikkje finprikkare eller krysningar av vanleg- og finprikk aure i fangsten.
- Største aure 865 g, gjennomsnitt 203 g, i 2014 var snittvekt 213 g.
- All aure over 26 cm var ljøs raud eller raud i kjøtet 24 cm i 2014.
- Mageinnhaldet var dominert av marflo, skjoldkreps og luftinsekt/biller.
- Det vart registrert aurens bendelmark, (auremark, *Eubothrium crassum*), i nær all stor aure. Parasitten lever i tarmens blindsekker. Auren vert infisert med bendelmark ved å spise infiserte krepsdyr. Denne parasitten har ikkje fugl som vert.
- Gjennomsnittleg K-faktor var for fangsten samla 1,11 som viser feit og fin aure, i 1995 var gjennomsnittleg K-faktor 1,07, i 2014 1,13.
- Fiskeutsettingar dei siste 10 år:



| 2010                  | 2011         | 2012        | 2013         | 2014 | 2015          | 2016           | 2017  | 2018         | 2019         | Gjennomsnitt |
|-----------------------|--------------|-------------|--------------|------|---------------|----------------|-------|--------------|--------------|--------------|
| 181v<br>2000+<br>800e | 248v<br>2000 | 50v<br>2000 | 248v<br>2000 | 2000 | 2000<br>134 v | 1800e<br>208 v | 291 v | 194v<br>2000 | 176v<br>2000 | 1780<br>173v |


Forklaring: v – villfisk frå Bjoreio e – eitåringar setjefisk

- Fangststatistikken viser følgjande utvikling:

| Å    | Tal fisk | Kg     | Avkastning<br>kg/haa | Garn/haa | Garndøgn |
|------|----------|--------|----------------------|----------|----------|
| 2010 | 912      | 656    | 1,44                 | 4,5      | 2062     |
| 2011 | 1092     | 808    | 1,77                 | 5,5      | 2528     |
| 2012 | 703      | 629    | 1,38                 | 5,0      | 2267     |
| 2013 | 910      | 664,5  | 1,45                 | 3,0      | 1355     |
| 2014 | 1506     | 1118,1 | 2,45                 | 2,5      | 1137     |
| 2015 | 1270     | 782,6  | 1,71                 | 4,8      | 2190     |
| 2016 | 947      | 677,5  | 1,48                 | 4,7      | 2134     |
| 2017 | 1182     | 869,2  | 1,90                 | 5,1      | 2347     |
| 2018 | 1840     | 1092   | 2,39                 | 4,1      | 1888     |


- Kontroll av skjellmaterialet frå aure som utifrå utsjånad er vurdert til å vera villfisk er gjort. Av 55 kontrollerte, er skjellprøvar frå aure som ikkje var feitfinneklippa 26 karakterisert som utsatt aure. For den samla prøvefiskefangsten gir det 34 vill aure som ikkje er feitfinneklippa og 92 aure som er satt ut.
- Tilbakerekna lengde på fisken gjev eit bilete av veksten på dei ulike aldersgruppene fordelt på utsatt aure og villfisk. Kurvene viser at utsatt aure er 4-5 cm lenger ved same alder.





#### Konklusjonar/resultat:


- Utsatt aure representerer stor andel av fangsten i Tinnhølen. Samla for 2020 er 68% utsatt aure for 2000 var 82% utsatt aure. Den utsatte auren bidrar til fangstutbytte i Tinnhølen.
- Avkastinga følgjer fiskeinnsatsen når ein les kurven under for dei seinare åra. Dette tyder at fiskestamma i Tinnhølen tåler det fisket som er i vatnet.



- Tilbakerekna lengdevekst viser at villfisken «tek att» det forspranget utsett aure har ved at den er større som einsomrig. For 6 åringane tyder resultatet at villfisken og utsett fisk er like lang i snitt.
- I prøvofiskematerialet er den utsette fisken mindre i snitt, 170g, enn villfisken, 277g. Det er usikkert kva dette skuldast, men det viser som resultat tidlegare, at andelen utsett aure er størst mellom den små auren og minkar med storleiken.
- Kondisjon på fisken er framleis god og tyder ikkje på for mykje fisk i vatnet.
- Andelen oppdrettsfisk er høg, førebels resultat frå kontroll med fisketrappa i Tinnhøldammen, viser at auren ikkje går opp trappa før den er 20-25 cm. Det er

spelt inn moglegheit for ny utløpselv forbi dammen som sikrar fisken fri gang mellom Tinnhølen og Bjoreio.

- Gjennomsnittsvakta i prøvafisaket har gått litt ned, men er nesten å rekna som stabil.



- Fordeling av fangsten i lengdegrupper viser ingen stor endring frå 2014 til 2020.

#### Tiltak:

- Øvste kulpen under dammen, mellom gangbrua og dammen, er populær fiskeplass. Spesielt på våren vert det her fiska etter stor aure som står i kulpen og ventar på forhold for å vandra opp fisketrappa. Dette er aure som har vandra ned hausten før og gytt. Det er uheldig at denne auren vert fiska på. Den er ikkje i sin beste kondisjon etter å ha stått på elva over vinteren og den er tradisjonsberar for utløpsgytarar. Inntil det vert etablert ein sikrare oppgangsmoglegheit for auren frå Bjoreio, bør det vurderast å freda fisken i kulpen mellom gangbrua og dammen.
- Det er førebels ikkje grunn til å endra utsetjingane eller fiskereglane for vatnet.